

Innbydelse NM veteranar 21.-23. april 2023

Stord Bordtennisklubb har gleden av å invitera til årets Norgesmeisterskap for veteranar på Stord helga 21.-23. april 2023. Stevnet vil foregå i begge hallane i Vikahaugane Sportssenter. Nyehallen er hovudhall, men me vil og nytta gamlehallen. I tillegg vil bordtennishallen vera open for treningsspel. Skjoldar IL er medarrangør på årets NM. Dei siste år ha veteran NM vore arrangert over to dagar, noko som har medført to veldig lange dagar i hallen. Derfor vil årets NM gå over tre dagar sånn at me får litt kortare dagar i hallen, og god tid til mykje kjekt sosialt samvær.

Program fredag:

Lag alle klassar, start ca. 12.00/13.00-stevneslutt seinast 20.00

Herrar veteran lag 35 Ny Sw. Cup	510,- Cup	Damer veteran lag 35 Corbillon 410,- Cup
Herrar veteran lag 50 Ny Sw. Cup	510,- Cup	Damer veteran lag 50 Corbillon 410,- Cup
Herrar veteran lag 60 Ny Sw. Cup	510,- Cup	Damer veteran lag 60 Corbillon 410,- Cup
Herrar veteran lag 70 Corbillon	410,- Cup	Damer veteran lag 70 Corbillon 410,- Cup

Plasseringsspel/B-sluttspel i alle lagklassar.

Program laurdag: start. 10.00-stevneslutt seinast 18.00

Dobbel alle klassar, start 10.00

Herrar veteran dobbel 35	210, - Cup	Damer veteran dobbel 35	210, - Cup
Herrar veteran dobbel 50	210, - Cup	Damer veteran dobbel 50	210, - Cup
Herrar veteran dobbel 60	210, - Cup	Damer veteran dobbel 60	210, - Cup
Herrar veteran dobbel 70	210, - Cup	Damer veteran dobbel 70	210, - Cup
Para veteran herrer åpen dobbel	210,- Cup	Para veteran damer åpen dobbel	210,- Cup

Single alle klassar, start 14.00

Herrar vet. 35 single (født seinest 1988)	310,- Pulje	Damer vet. single 35 (født seinest 1988)	310,- Pulje
Herrar vet. 40 single (født seinest 1983)	310,- Pulje	Damer vet. single 40 (født seinest 1983)	310,- Pulje
Herrar vet. 50 single (født seinest 1973)	310,- Pulje	Damer vet. single 50 (født seinest 1973)	310,- Pulje
Herrar vet. 60 single (født seinest 1963)	310,- Pulje	Damer vet. single 60 (født seinest 1963)	310,- Pulje
Herrar vet. 65 single (født seinest 1958)	310,- Pulje	Damer vet. single 65 (født seinest 1958)	310,- Pulje
Herrar vet. 70 single (født seinest 1953)	310,- Pulje	Damer vet. single 70 (født seinest 1953)	310,- Pulje
Herrar vet. 75 single (født seinest 1948)	310,- Pulje	Debutantklasse damer	250,- Pulje
Herrar vet. 80 single (født seinest 1943)	310,- Pulje	Debutantklasse herrer	250,- Pulje

Sluttspel alle singleklassar vert spelt søndag. Det blir også B-sluttspel/plasseringsspel i alle singleklassar der alle er garantert minimum to kampar.

Paraklassar start ca. 16.00

Herrar veteran 35 sittende single	310,- Pulje	Damer veteran 35 sittende single	310,- Pulje
Herrar veteran 35 stående single	310,- Pulje	Damer veteran 35 stående single	310,- Pulje

Program søndag: start. 10.00-stevneslutt 16.00

Mix dobbel alle klassar, start 10.00 Para åpne klassar start 10.00

<i>Veteran 35 mixed dobbel</i>	<i>210, - Cup</i>		
<i>Veteran 50 mixed dobbel</i>	<i>210, - Cup</i>		
<i>Veteran 60 mixed dobbel</i>	<i>210, - Cup</i>		
<i>Veteran 70 mixed dobbel</i>	<i>210, - Cup</i>		
<i>Para Herrer veteran 35 åpen single</i>	<i>310,- Pulje</i>	<i>Para Damer veteran 35 åpen single</i>	<i>310,- Pulje</i>

Start 12.00

A-sluttspel alle single klassar. B-sluttspel/plasseringsspel i alle singleklassar

Nøyaktig start for klassane kan endrast etter påmelding er mottaken, men uansett ikkje tidligare enn satt opp.

Reglar for debutantklasse

Dette er klassen for deg som ikkje ønskjer å spela i dei offisielle klassane i veteran NM. I debutantklassane spelar alle i samme klasse uansett alder. Om du spelar i debutantklassen er deltakaravgifta kr 250,- Du treng ikkje lisens, men då har du heller ikkje vanleg idrettsforsikring. Om du spelar i debutantklassen kan du ikkje delta i dobbel eller mix dobbel. Det er mulig å delta i lagklassen på fredag, men då må du vera medlem i ein klubb og løysa lisens, for eksempel eingongslisens som er på kr 250,- Har du vore med i nasjonale stevner oppfordrar me deg til å spela i dei offisielle klassane.

Startkontingent er inkludert stevne 10-ar i alle klassar

Prisane i dobbel er oppgitt pr. par. Det er anledning til å delta i ein singleklasse pluss ein dobbel i tillegg til mix dobbel og lag. I single må spelarane delta i den klassen dei høyrer heima i. Dersom noken spelar dobbel eller lag saman med noken som er i yngre klassar enn den dei høyrer heima i, må paret/laget delta i den aldersklassen som den yngste høyrer heima i.

Paraspelarar kan i tillegg delta i Paraklassane.

Alle kampar vert spelt best av 5 sett.

Baller: Kvite Stiga ***

Bord: Diverse Stiga

Kantine med variert innhald er open i Nyehallen alle dagar.

Tidsskjema: Vert sendt ut til alle klubbar seinast to veker etter påmeldingsfrist, samt offentliggjort på

NBTF sine heimasider: www.bordtennis.no

Turneringsledelse: Arve Skogen, Kristian Magnussen, Atle Irgens

Kontaktinfo for turneringa: Atle Irgens 99725051 – atle.irgens@sklbb.no

Teknisk delegat: Jack Feng, Hardanger BTK

Overdommer: Jan Roger Andersson, Hardanger BTK

Påmelding: Seinast 24.mars via denne linken:

<https://ttadmin.webzenter.com/ext?function=Register&TournamentId=285>

Startkontingent: Innan påmeldingsfristen til Stord BTK sin konto: 3520.48.73109

Stevnet er underlagt NBTFs reglement. Stevnet er også underlagt NIFs dopingbestemmelser.

Lisens: I henhold til punkt 1.7 Spillerlisens i NBTFs konkurransereglement.

Trekning: Dei offisielle NM-klassane skal trekkast dagen før dei ulike klassane starter, seinest kl. 20:00, ref. NBTFs konkurransereglement punkt 2.9.1.

Premieutdeling fortløpande etter at klassar er ferdigspelt.

Klassar med færre 4 deltakarar/par kan bli strokne. For paraklasser er grensa 2 deltakarar/par.

Ved få deltakarar kan klassar bli slått saman.

Etteranmelding er ikkje tillatt.

Herrer lag (unntatt 70 år - Corbillon) vert spelt som ny Swaythling Cup:

A-Y, B-X, C-Z, A-X, B-Y.

Tre spelarar pr. lag må navngis i påmeldinga, maks. 5 spelarar pr. lag.

Alle damer lag, samt Herrer 70 lag vert spelt som Corbillon Cup

(A-X, B-Y, double, A-Y, B-X).

To spelarar pr. lag må navngis i påmeldingen, maks. 4 spelarar pr. lag

Det blir B-sluttspill/plasseringsspel for dei som blir nr. 3 og nr. 4 i puljespelet i single.

NB! I B-sluttspel/plasseringsspel må spelarane dømme sjølv og det er ingen premiering.

I innleiande puljespill, samt i lagkampar må ein rekna med å dømme nokre kamper. Tapar i cupspel må også rekna med å døma ein kamp.

For overnatting og bankett, sjå eget skriv

Me ønskjer alle vel møtt til tre fine dagar på Stord

Stord Bordtennisklubb

Atle Irgens - leiar

Korleis kjem du deg til Stord

For deg som aldri har vore på Stord, her er ein kort oversikt over mulighetar:

1 Du kan kjøra til Leirvik på Stord. Klart billigast dersom du er fleire i bilen og er innanfor 6-8 timar kjøring kvar veg.

2 Du kan ta tog til Stavanger eller Bergen og kystbussen vidare til Leirvik på Stord:

www.kystbussen.no

Kystbussen kostar kr 400,- ein veg frå Bergen til Lerivik, frå Stavanger litt dyrare. Ca. 3 timar reisetid frå Stavanger og ca. 2 timar frå Bergen. Mulig billigare for honnør.

Frå Bergen fins det eit alternativ som er vesentlig billigare dersom du likar å venta litt. Rutebuss Bergen busstasjon til Halhjem ferjekai(www.skyss.no), så må du kanskje venta litt på ferje Halhjem-Sandvikvåg(<https://www.torhatten-nord.no>) Ferja er gratis for passasjerar. Då er du på Stord og må kanskje venta litt på lokalbuss Sandvikvåg-Leirvik(www.skyss.no velg område Sunnhordland og så rute 671 Fitjar-Leirvik der du finner rutene frå Sandvikvåg til Leirvik. Er du heldig med avgangane tar denne turen kanskje litt over 3 timar og kostar rundt kr 100,- ein veg. Mulig billigare for honnør.

3 Du kan ta fly til Haugesund, vidare leigebil til Stord(1 time 15 minutt å kjøra ferjefritt)

Om du har god tid kan du ta buss til Haugesund bussterminal: [Til/fra flyplassen | Haugesund Lufthavn Karmøy \(flyhau.no\)](#) og kystbussen vidare

4 Du kan ta fly til Bergen. Leigebil vidare her er å anbefala. Då kjører du til Halhjem ferjekai (ca. 30 minutt), ferje til Halhjem-Sandvikvåg(45 minutt) og vidare til Leirvik(ca. 30 minutt) Alternativ to er å koma seg frå flyplassen inn til Bergen busstasjon og vidare som beskrive over.

Tilbud overnatting ifm NM for veteraner i bordtennis på Stord 21-23 april 2023.

Stord Hotell er vår samarbeidspartner på overnatting under NM. Bankett laurdag kveld 22. april vil også vera på hotellet. Med flotte fasilitetar og i gåavstand til arenaene blir det ein god ramme rundt NM.

Les meir om hotellet på : [Stord Hotell - den beste møtestaden mellom Bergen og Stavanger \(stord-hotell.no\)](http://stord-hotell.no)

NM Pris :

Enkelt standardrom:	kr. 1.145,-*
Dobbelt standardrom:	kr. 1.345,-*
Enkelt superiorrom:	kr. 1.345,-*
Dobbelt superiorrom:	kr. 1.545,-*

***Prisen inkluderer:**

- 1 overnatting med frukost
- Inngang Vikjo Bad
- Parkering

Ønskjer ein å koma torsdag 20 april vil dei samme prisane gjelda.

Bankett:

Laurdag kveld samlas alle i bordtennisfamilien til bankett på Stord Hotell kl 20.00, bankettsal Valhall. Apperetiff og mingling fra kl 1930.

I tillegg til hyggelig sosial omgang vert det servert det god mat og drikke, taler, musikk, dans og underhaldning.

NM Meny:

FORRETT

Røykelaks frå Klosterlaks på Halsnøy med dillkrem og rugchips

HOVUDRETT

Ytrefilet av okse med sesongens rotgrønnsaker, pastinakk & potetkrem og rødvinsjy

DESSERT

Gateau Marcel med bringebærcoulis og vaniljekrem

Prisen inkluderer:

Bankett, aperetiff, 3 retters middag, musikk og underhaldning

Pris kr. 795,- per person

Ved bestilling må ein oppgje om ein ønskjer Prosecco, med alkohol, eller Spilde most, utan alkohol, som aperetiff.

Tillegg for:

Drikke til maten

Øvrig:

Gje beskjed om eventuelle allergier. Om ein ønskjer ein vegetar rett til hovudrett, gje beskjed om det ved bestilling så ordnar kjøkkenet dette.

Bestilling:

NB ! All booking av hotellrom og påmelding til bankett må bestillast gjennom Stord Bordtennisklubb. Dette må me ha seinast 4. februar, men helst før den tid. Grunnen til dette er at me har reservert ein del rom på Stord Hotell, og det er venteliste for andre gjester på hotellet. Husk å skriva kva type rom du ønskjer og kva netter du vil overnatta.

Til Atle Irgens: atle.irgens@sklbb.no med kopi til Richard Erlandsen: r.erla@online.no

Eventuelle spørsmål ang. overnatting og bankett: Richard Erlandsen : 90407078

Me kjem tilbake til betaling seinare.

Velkommen til Stord og NM for veteraner 21-23 april 2023.

På vegne av Hovudkomiteen

Atle Irgens

Bruk våre samarbeidspartnere
De er der for deg og norsk bordtennis

